Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
Jørn Agersborg	5184173/Varsel om utvida planområde	2019-06-20

Reinseanlegg for spillvatn på Kvasnes i Sula kommune -varsel om utvida planområde

Det faste utvalet for plansaker i Sula kommune vedtok i møte 4.9.2018, sak 099/18, å varsle oppstart av detaljregulering av avlaupsreinseanlegg på Kvasnes i Sula kommune i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Norconsult AS er plankonsulent og varsla på vegne av Sula kommune oppstart av planarbeidet september 2018.

Planarbeidet synar at det er behov for å utvide plangrensa for prosjektet, og Sula kommune varslar med dette utviding av planområdet. Sjå tilleggsområda skravert med raudt i kartet på siste side.

Merknader knytt til det utvida området sendes til Sula kommune, postboks 280, 6039 Langevåg eller post@sula.kommune.no innan **5.august 2019.**

Sula kommune er kjent med at tiltaket er omstridt i nærområdet og dei bekymringane som er ytra. Innsendte innspel og merknadar til opprinnelig oppstartsvarsel vil verte vurdert/handsama og følge saka vidare. Vi oppmoder alle som har forslag/synspunkt knytt til dette varselet om utviding av planavgrensinga om å sende innspel.

Føremålet med reinseanlegget

Føremålet med planen er å leggje til rette for eit felles avlaupsreinseanlegg for kommunane Sula og Ålesund. Anlegget vurderast etablert inne i fjellet på Kvasnes i Sula kommune. I tillegg til sjølve fjellanlegget skal det regulerast inn naudsynt teknisk infrastruktur som veg, tunnelinnslag, rigg- og anleggsområde, leidningstrasear, og utfylling i sjøen for lokalisering av servicebygg.

Eit felles renseanlegg vert planlagt med sikte på å nytte Ytre Storfjorden og Sulafjorden som resipient. Disse fjordane vert vurdert som egna ut frå faktorar som storleik og utskifting av vatn. Fjordane har god miljøtilstand i dag. Undersøkingar og vurderingar som skal skje i tilknyting til planprosessen og planlegging av eit mogleg renseanlegg skal sikre fortsatt god miljøtilstand.

Norconsult AS
Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Tel.: +47 70 17 05 00

Hovedkontor:
Vestfjordgaten 4, NO-1338 Sandvika
Pb. 626, NO-1303 Sandvika

NO 962392687 MVA
firmapost@norconsult.no
www.norconsult.no

Nytt sidan sist

Det er ikkje avgjort kvar på Kvasnes anlegget skal ligge. Det blir jobba med ulike alternative både for plassering, innslag i fjell, tilkomst og utslepp.

Det er satt i gang strøymingsmålingar i fjorden som skal vare i ca. et år og som skal gi svar på om og kvar det er mogleg å føre utslippsvatn frå eit reinseanlegg på Kvasnes. Grunnforholda har vore undersøkt med seismikk nå i vår og det har vore utført grunnboringar ulike stadar.

Videre skal mange ulike tema konsekvensutgreiast, dette gjeld: forureining av luft inkl. luktproblematikk, forureining av sjø i anleggs- og driftsfase inkl. vurderingar knytt til «Forskrift om rammer for vannforvaltningen», støyvurderingar i samsvar med «Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen – T1442», trafikktilhøve i anleggs- og driftsfasen, inkl. trafikktryggleik, kulturarv, naturmangfald, inkl. marint naturmangfald og samfunnsmessige verknadar.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal i sommar utføre kulturminneundersøking i området, og aktuelle grunneigarar vil få skriv om dette.

Prosessen videre

Først når alle forhold er undersøkt og vurdert vil man kunne vurdere om det er mogleg med et reinseanlegg på Kvasnes og i tilfelle kva alternativ som ein meiner er det beste. Alle forhold (tekniske, natur, samfunn mm.) vil være skildra i dokumenta som da blir lagt ut på offentleg ettersyn, og alle vurderingar/avvegingar som er gjort vil gå frem. Innspel som er kome inn i forbindelse med varsel om oppstart (inkl. varsel om utvida planområde) vil kome fram i saksvurderinga som følger plandokumenta til offentleg ettersyn.

Når planforslaget blir lagt ut på offentleg ettersyn vil det bli arrangert møter (og eventuelt synfaringar) for å få innspel og meiningar, og det vil bli satt en frist på minimum 6 veker for merknader knytt til planforslaget. Medfører merknader og innspel frå private og/eller offentlege instansar at det bør gjerast større endringar vil et revidert planforslag bli lagt ut på 2.gangs høyring.

Plankonsulenten og administrasjonen hos Sula kommune lager ei oppsummering av alle innkomne merknader og svarer på merknadene i plandokumentet som kommer på offentlege ettersyn. Det sendes ikkje svar til kvar enkelt som sender inn merknad; vurderinga og svaret vil stå i plandokumenta, og merknadene vil i sin fulle form ligge ved saken ved politisk behandling.

Planen behandlast først i planutvalet og blir deretter vedtatt i kommunestyret i Sula kommune. Kommunens vedtak av reguleringsplanen kan påklagast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i medhald av PBL § 12-12. Avgjersleretten i klagesaker er delegert til Fylkesmannen.

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Pernille Ibsen Lervåg


Utviding av planområdet
Utviding av planområdet